

Sauherad Historielag 25 år

Sauherad Historielag feira sitt 25-års jubileum med ei festleg tilstelning på Norsjø Hotell 22. oktober 2011. Tidlegare kultursjef i Tinn kommune, Øystein Haugan, nå koordinator for arbeidet med søknaden om å få industrisamfunna Odda, Rjukan og Notodden inn på verdsarvlista var festtalar. Han kåserte engasjert om utviklinga av industribygginga på Rjukan, fra eit fattig bondesamfunn i slutten av 1800-talet fram til storindustrien med Norsk Hydro blei etablert.

På festen blei Arnt Håtveit, Kittil Prestholdt og Olav Klever utnevnt til lagets fyrste æresmedlemmer.

Laget blei stifta hausten 1986, stiftingsdatoen er 5. oktober. Nedanfor tar ein inn eit referat av noko av det formannen tok fram i si festtale:

I lagets fyrste årsmelding frå 1986 heiter det m.a.:

Våren 1985 tok Johan Ingebretsen kontakt med Arnt Håtveit for å drøfte vilkåra for eit evt. historielag i kommunen. Ein var bl. a. oppteken av å føre vidare den organiserte innsamlinga av munnleg tradisjonsstoff som sistnemnde organiserte i 1977/78. Ein såg innsamling av munnleg tradisjon som eit bidrag til det framtidige underlaget for ei kultursoge for Sauherad.

Hausten 1985 hadde dei to ny kontakt om saka og blei einige om å drøfte denne med litt fleire bygdefolk.

I «Helsing» nr. 3 i 1986 sto fylgjande utlysing:

Underskrivne, samla til møte på Gvarv skule tysdag 18.2. 1986 er einige om å lodde interessa for eit Sauherad Historielag. Lagets primære oppgåve tenker ein seg i tilfelle bør vera å arbeide for eit best mogleg kjeldeunderlag for ei framtidig kultursoge for Sauherad. Dersom det syner seg å vera interesse for eit slikt tiltak, tenker ein seg å få valt eit interimsstyre med oppgåve å kome med framlegg til vedtekter, organisering og driftsform. Vi ønskjer alle vel møtt til åpent møte om saka på Akkerhaugen skule fredag 4. april kl. 18.00.

Gunleif Haugerud, Kristoffer Hesthag,

Halvor S. Hjukse, Arnt Håtveit, Johan Ingebretsen, Kittil Prestholdt, Hans Stenstad, Anne Volltveit Kaasa.

På møtet på Akkerhaugen skule møtte følgjande personar:

Kristoffer Hesthag, Anne Volltveit Kaasa, Kittil Prestholdt, Arnt Håtveit, Olav Klever, Hans Myrkås og Johan Ingebretsen. Av protokollen frå dette møte tar ein med følgjande:

Ein hadde venta eit langt betre fram møte, og var etter dette soleis noko i tvil om kva ein skulle gjera. Ein kom etter drøftingar fram til at ein – for å spare tid – og for å kome vidare, skulle velje eit interimsstyre med oppgåve å kome med framlegg til vedtekter, organisering og driftsform, slik som nemnt i kunngjeringa. Til å arbeide vidare med saka med tanke på utkast til lover og vedtekter og førebuing av etableringsmøte blei valt dette interimsstyre:

Arnt Håtveit, Johan Ingebretsen og Anne Volltveit Kaasa.

Arbeidet med stifting av laget var så kome i gang.

Og interimstyret arbeidde raskt. Mindre enn ein månad etterpå sendte leiaren Arnt Håtveit framlegg til vedtekter, organisering og driftsform over til dei to andre, og utpå hausten same år blei det lyst ut til et «stiftelsesmøte for et Sauherad Historielag den 5. oktober 1986».

Oppslutningen om dette møtet var heller ikkje stor, bare 4 personar møtte:

Arnt Håtveit, Anne Volltveit Kaasa, Anund Holte og Kittil Prestholdt.

Her må eg imidlertid skyte inn at før dette møtet var eit av medlemmene i interimstyret, initiativtakaren Johan Ingebretsen, dessverre gått bort. Men pågangsmotet og optimismen var stor, og som det heiter i referatet:

«Selv om det var lite fram møte mente de tilstedeværende at det burde være grunnlag for et historielag i bygda.»

Det blei gjort vedtak om å velge eit styre på 5 medlemmer og 2 varamenn.

Og her er lagets fyrste styre, valgt på stiftelsesmøte den 5. okt. 1986:



Bjørn Holta overrekker beviset på æresmedlemsskapet til Kittil Prestholdt.

(Foto: Ole Thor Ripegut).

Arnt Håtveit, formann.
Anne Volltveit Kaasa, nestformann.
Anund Holte, kasserer.
Kittil Prestholdt, sekretær.
Hans Stenstad, styremedlem.

Varamenn:
Olav Klever og Hans Myrkås

Forslag til lover for laget, organisasjon og driftsform blei enstemmig vedtatt.

Av lovene for laget er det interessant å nemne dei 2 fyrste paragrafane:
Pgrf. 1: Sauherad historielag har til føremål å arbeide for interesse og forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.

Pgrf. 2: Inntil kultursoga for bygda er skriven, vil ein arbeide for eit best mogleg kjeldeunderlag for denne, primært gjennom munnleg tradisjon.

Ein kan si at laget har hatt ein stabil og sikker drift. Men ettersom åra har gått, har kanskje driftsforma endra seg litt. I dag synes det at lokalhistoriske tema, og kunnskap om lokalhistorie, med utflukter og besøk på interessante stader i bygda i stor grad er med å halde interessa for laget i live. Og tillitsmennene har vore trufaste – gjennom desse 25 åra har det bare vore 3 styreformenn. Fyrste formannen Arnt Håtveit satt som leiar i mange år før Olav

Klever overtok. Idag er det Bjørn Holta som er formann.

Laget har også gjeve ut enkelte bøker: Boka om Hallvard Gråtøpp – skriven av Birger Kirkeby, og «Utvandrara til Amerika» av Arnt Håtveit.

Kva vil så framtida for laget bringe?

Som alltid er det vanskeleg å spå, men ein ting er sikkert: Interesse for lokalhistorie og slektsrøtter vil ikkje bli borte. Det vil alltid vera grunnlag for vidare drift. Spørsmålet er bare - i kor stor grad skal eit lokalt historielag engasjere seg? Me ser i dag ei utvikling der offentlege organ i stadig mindre grad har ressursar til å ta på seg oppgåver. Ulike interesseorganisasjonar pressar på, og sterke frivillige krefter arbeider ut frå sine interessefelt. Viktige lokale kulturprosjekt står i fare for å bli skuva til side i prioriteringskøen.

Er det ei oppgave for historielaget å engasjere seg? Skal historielaget ta oppgåva med å vera pådrivar for eit kulturelt mangfold? Skal historielaget t.d. vera ein paraplyorganisasjon for ulike kulturelle arbeidsfelt? Spørsmåla er mange – svara vanskelege å gje. Eit ønskje er likevel at Sauherad Historielag i lang tid framover vil vera ein levande organisasjon og halde vedlike drifta, og at nye og eldre medlemmer stadig vil finne nye utfordringar for laget.

Ein har i denne oversikten nemnt navnet på dei personar som har vore drivkraftene i laget, og ikkje minst hatt æra for at laget i det heile blei stifta. Mange fleire burde vore nemnt. Samtlige medlemmar har alle sin store del av æra for at laget eksisterar, og har vori ein naturleg samlingsstad for lokalhistorisk interesserte gjennom desse åra.

Det er likevel 3 personar som gjennom 25 år har vore heilt sentrale i lagets historie. Dei har alle utført sine oppgåver på ein framifrå måte, og dei er fortsatt aktive medlemmar. Desse 3 medlemmane er Arnt Håtveit, Kittil Prestholdt, og Olav Klever.

Styret har derfor beslutta å utnemne desse til æresmedlemmar av Sauherad Historielag.

Det er med stor glede – og takk – at styret overrekker beviset på æresmedlemskap til Arnt, Kittil og Olav.

Bjørn Holta, leiar.